

STYREPROTOKOLL

Tysdag **16. februar 2021** heldt styret for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS styremøte. Møtet blei leia av styreleiar Siv Bente Stople Østbø

MØTESTAD:	Tysvær Rådhus, kantina
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 16.00 – 17.15
AV MEDLEMMENE MØTTE:	Siv Bente Stople Østbø, Ernst Morgan Endresen og Astri Furumo
MØTANDE VARAMEDLEM:	Ingen
FORFALL:	Ingen
FRÅ SELSKAPET MØTTE:	Dagleg leiar Toril Hallsjø
INNKALLING:	Ingen merknader. Papira sendt ut 10.02.21.
SAKSLISTE:	Ingen merknader.

Følgjande saker blei handsama:

SAK 1/21 – GODKJENNING AV PROTOKOLL 15.12.20

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå styremøtet i HKS IKS den 15.12.20 blir godkjent.

Styrehandsaming 16.02.21:

Styret hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak 16.02.21:

Protokoll frå styremøtet i HKS IKS den 15.12.20 blir godkjent.

SAK 2/21 – REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 16.02.21

1. Brev av 21.12.20 til eigarkommunane - høyring om HKS sin strategiplan – frist 10. mars
2. Ny senioravtale for 2021 – dagleg leiar (*unntatt off. – OFL § 23.1 vedk. personnr*)

Styrehandsaming 16.02.21:

Dagleg leiar orienterte. Nokre kommunar legg planen fram for dei folkevalde som referatsak til formannskapet eller kommunestyret eller som eige sak. Uttalene vil bli lagt fram i neste styremøte. Bonusavtalen blei signert før møtet. Justering av beløp er sett til anna kvart år. Leiar signaliserte medarbeidarsamtalar før sommaren.

Samrøystes vedtak 16.02.21:

Referatsakene 1- 2 blir tatt til orientering.

SAK 3/21 – STATUSOVERSIKT PR. FEBRUAR 2021

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:

Statusoversikt pr. februar 2021 blir tatt til orientering.

Styrehandsaming 16.02.21

Dagleg leiar orienterte om arbeidet ved sekretariatet, med mellom anna fleire digitale møte no på nyåret. Også sekretariatskonferansen og NKRF-konferansen blir digitale, medan FKT satsar på fysisk samling i Ålesund i juni. Dagleg leiar vil rådføre seg med representantskapsleiar om fysisk eller digitalt møte den 26. april. Etter spørsmål frå styret utdjupa dagleg leiar at saksframlegg om eigarskap i RR IKS vil kommunedirektørane få som ein mal til kommunestyra.

Samrøystes vedtak 16.02.21:

Statusoversikt pr. februar 2021 blir tatt til orientering.

SAK 4/21 – REGNSKAPSOVERSIKT PR 31.12.20

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:

Styret tar regnskapsrapport pr. 26.01.21 for HKS IKS til orientering.

Styrehandsaming 16.02.21

Styreleiar gjorde merksam på at vedlagte rapport omfatta rekneskapstal for siste kvartal, dvs. t.o.m. 31.12.20. I neste møte vil rapport for fyrste kvartal 2021 bli lagt fram. Styret var samd i å rette dato i vedtaket til 31.12.20.

Samrøystes vedtak 16.02.21:

Styret tar regnskapsrapport pr. 31.12.20 for HKS IKS til orientering.

SAK 5/21 – ÅRSOPPGJER 2020 OG UTKAST TIL ÅRSMELDING 2020

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:

Styret godkjenner utkast til årsmeldinga slik han ligg føre (med evt. endringar/tillegg).

Styret godkjenner årsoppgjeret 2020 for HKS IKS slik det ligg føre med eit positivt årsresultat på kr 78 493.

Styret vil gjere framlegg om at årets overskot blir lagt til opptent eigenkapital.

Styrehandsaming 16.02.21

Dagleg leiar orienterte om rekneskapsresultat og gjorde merksam på at i utsendte noter under note 5 om godtgjering til dagleg leiar ikkje var korrekt, då beløpet var fjorårets. I tillegg var i år seniorbonus tatt med. Dagleg leiar blei bede om å sjekke med rekneskapsfører om kven som utarbeidar noter.

Styret meinte det var ein utfyllande og fin årsmelding. Dokumenta vil bli overlevert til revisjonsselskapet KPMG til revidering og saka kjem opp att i neste styremøte saman med revisjonsmeldinga.

Årsmeldinga og rekneskapen blei så signert.

Samrøystes vedtak 16.02.21:

Styret godkjenner årsmeldinga for 2020 slik han ligg føre..

Styret godkjenner årsoppgjeret 2020 for HKS IKS slik det ligg føre med eit positivt årsresultat på kr 78 493.

Styret vil gjere framlegg om at årets overskot blir lagt til eigenkapitalen.

EVENTUELT

HKS IKS og RKS IS

Styreleiar viste til sine kommentarar med kopi til styret knytte til e-post mellom dagleg leiar for HKS IKS og påtroppande leiar av Rogaland Kontrollutvalgssekretariat (RKS) IS om deira moglegheit for å koble seg til HKS og dermed bli eit større sekretariat. Dagleg leiar opplyste at interkommunalt samarbeid (IS) fell burt innan utgangen av 2023 og eigarkommunane i RKS må difor vedta ei ny organisasjonsform.

Styreleiar var skeptisk til samanslåing mellom HKS og RKS då det kan bety flytting av arbeidsplassar frå nordfylket til sørfylket. Styret støtta styreleiar og viste til at strategiplanen heller ikkje har planer om nokon utviding eller endringar dei neste fire åra. Rekruttering av ny dagleg leiar vil måtte starte neste år, då nåverande leiar har varsla at ho vil gje seg ved årsskiftet 2022/23.

Neste styremøtet er fastsett til **onsdag 24. mars kl. 16.00.**

Saker: Årsmelding og årsrekneskapen 2020 med revisjonsmelding, budsjett for 2022, økonomiplan 2022 – 2025 og strategiplan 2022-2026.

Aksdal, 22. februar 2021

Siv Bente Stople Østbø (sign.)
Styreleiar

Toril Hallsjø (sign.)
Dagleg leiar